



AGDER FYLKESKOMMUNE
Postboks 788 Stoa
4809 ARENDAL

Vår ref:
2023/1451-64

Sakshandsamar:
Vidar Mortensen
vidar.mortensen@bykle.kommune.no

Dato:
12.03.2026

Søknad om tilskot Hovden Torg - stadutvikling 2026 - fysiske prosjekt

Bykle kommune søker med dette om kr 500.000 i tilskot til prosjektet Hovden Torg trinn 2.

Tettstaden Hovden har om lag 600 fastbuande og opp mot 20 000 besøkande i høgsesongar som t.d. jol, vinterferie og påska. Dagens sentrumsutforming er ikkje berekna på ei slik tilstrøyming og har store utfordringar knytt til estetikk, arealutnytting, trafikktryggleik, manglande universell utforming og låg tilgang på opne møteplassar. I kommuneplanens samfunnsdel er det difor ei prioritert satsing å gjere Hovden sentrum meir gå-venleg.

Hovden Torg er det store utviklingsprosjektet som omskapar den sentrale delen av Hovden sentrum til eit meir tilgjengeleg, trygt og inkluderande område. Prosjektet skal byggjast ut i 4 trinn, der trinn 1 og 2 er tenkt realisert i 2026, og trinn 3-4 i påfølgande år:

- Trinn 1 – P-areal, tilkomstar og gangbaner
- Trinn 2 – Torgareal
- Trinn 3 – Scene/aktivitetsområde
- Trinn 4 – Grønt/parkareal

Grunnen til at det byggast i fleire trinn er fordi prosjektet gjennomførast i takt med vedteken økonomiplan. Vi har inngått ein samspelskontrakt med éin entreprenør, der vi fokuserer på eit byggetrinn av gangen i utføringsfasen, men i planlegging og prosjektering ser vi alle byggetrinn under eitt for å få ei heilheit i prosjektet.

Vedlegg [Y001.pdf](#) er skisseprosjektet som er politisk vedtatt, og er ein oversikt over dei ulike trinna.

Vedlegg [O001.pdf](#) er oversiktskartet.

Vedlegg [Reg plan.pdf](#) syner at tiltaket er prosjektert i samsvar med gjeldande reguleringsplan. Bykle kommune er grunneigar.

Vedlegg [HT-TEGN-LARK-O01-Landskapsplan.pdf](#) gjer greie for prosjektets fysiske utforming og funksjonalitet. Her vil det komme endringar pga. dialog med SVV rundt prosjektert avkøyring frå RV9. Det vil bli fokus på møbler og installasjonar hovudsakeleg i byggetrinn 2

Universell utforming og ledelinjer er utforma i samsvar med Byggteknisk forskrift tek17:
EK-17: Kapittel 8 Opparbeidet uteareal§ 8-4.
Generelle krav til gangatkomst og ganglinjer:

«Bevisst bruk av arkitektoniske virkemidler vil redusere behovet for kunstige ledelinjer, som legges særskilt for at blinde og svaksynte skal orientere seg.»

«Sentrale ganglinjer som går over åpne arealer på større plasser og torg som skal være universelt utformet, skal ha tydelig avgrenset gangsoner eller ledelinje. Mønstre i gategrunnen skal ikke gi villedende retningsinformasjon.»

Avrenning av torgflater må tilfredsstillende en rekke byggtekniske krav. Regnvannet skal fort ledes bort etter regnvær. De skal tåle kjøring og brøyting i et strengt vinterklima. De mange krava gjør at plassering og uforming av rennene skaper premisser for hele Hovden torg.

Det skal benyttes åpne renner, og disse monteres slik at man enkelt kan passere på kryss og tvers. Selve renneprofilen må være rullestolvennlig og utformes med en svært åpen V-form eller bueform.»

Framdriftsplan: Trinn 1 (p-areal) skal stå ferdig før sommaren 2026, med påfølgende oppstart av trinn 2 etter sommaren. Trinn 3 og 4 er planlagt gjennomført i 2027-2028

Kostnadsoverslag/budsjett: I økonomiplan 2025 - 2028 er det avsett 50 MNOK som blant annet skal gå til prosjektet Hovden Torg. For 2026 er ramme 15 MNOK med signert kontrakt for 9 MNOK for Trinn 1. Trinn 2 skal nå detaljbudsjetterast innfor resterende ramme på ca. 6 MNOK.

Politisk behandling: Kommunestyret handsama saka om søknad om tilskot og prioritering av prosjekta på Hovden og i Bykle. Vedlegg [Møteprotokoll.pdf](#) syner rangeringa med utvikling av sentrumsbygg i Bykle på 1. plass.

Vi står til disposisjon ved behov for ytterlegare informasjon og avklåringar.

Med helsing
Bykle kommune

Vidar Mortensen
Samfunn/Næring

Brevet er elektronisk godkjent og vert sendt utan underskrift.